

Referat frå foreldremøte 25. september 2018

Hyllestad barnehage.



Tema: **Inkluderande barnehagemiljø**

Leiar for kultur og oppvekst Gjermund Flage hadde eit innlegg om inkluderande barnehagemiljø og samarbeidet med barnehagane i Askvoll kommune om leing og kvalitet:

Arbeid med kvalitet og leing

i samarbeid med Askvoll kommune

75 tilsette i 7 barnehagar, saman om utvikling i barnehagen

Fokusområde:

- 2015 Vaksenrolla og språkutvikling i leiken ute
- 2016 Samlingsstunda som arena for målretta språkstimulering
- 2017 Språkstimulering gjennom lesegrupper
- 2018 Slå eit slag for vennskap



Auka eller same interesse som for bøker etter at vi starta med lesegrupper i barnehagen:

24 Auka interesse (ca. 55,9% auke)

19 same interesse som før

- På småbarnsavdelingane er det nesten 100% auka interesse for bøker, og på stor avdeling ligg det ca. på 50% auka interesse.
- Skårar litt dårleg på bruk av biblioteket, men det er på grunn av at vi har skjeggkre i barnehagen og vi kan ikkje låne bøker. Vi har kjøpt inn mange nye bøker for å kompensere på det.
- Dei fleste foreldra kryssar grøn (alltid) på at dei vaksne i barnehagen les for barnet deira.
- Nesten alle foreldre på stor avdeling svarar at lesegrupper er positiv for barnet deira si språkutvikling.

3 år med fokus på språk har gitt oss:

- Organisasjonsbasert kompetanseutvikling
- Modell for arbeid med kvalitet
- Lærande nettverk Askvoll/HAFS
- Ein varig praksisendring (?)



Inkluderande barnehagemiljø

Tilbudet er for barnehager og skoler som ønsker å jobbe med trygge og gode barnehage- og skolemiljø.

De som deltar er med på felles nasjonale og fylkesvise samlinger, utviklingsarbeid på egen arbeidsplass, lærende nettverk og får støtte til en lokal ressursperson.

Deltakerne skal jobbe med trygge og gode barnehage- og skolemiljø, regelverk, organisasjon og ledelse og lære mer om forebygging, avdekking og håndtering av mobbing.

Vi ønsker å oppnå **en varig praksisendring** som når flest mulig, og utviklingsarbeidet skal derfor primært foregå i form av barnehage- og skolebasert kompetanseutvikling og arbeid i lærende nettverk.

Barnehage- og skolebasert kompetanseutvikling vil si at barnehager og skoler, med ledere og alle ansatte, deltar i en utviklingsprosess på egen arbeidsplass.

Målet er å videreutvikle praksis innen arbeidet med barnehagemiljø, skolemiljø, mobbing og andre krenkelses.

OECD – education 2030. 21 century Skills.


- Hva er kjernekompetansen som alle må lære? Hva skal til for at dagens barn og unge skal kunne leve et godt liv i 2030?
 - Teknologien vil legge premissene for læringslivet
 - Arbeidslivet vil endre seg
 - rutinearbeid – praktisk og kognitivt vil automatiseres
 - behovet for analyse og mellommenneskelige relasjoner som ikke er rutine vil øke.
 - Teknologiske utviklingen går fortere enn utviklingen av utdanningssystemet.
- Barn og unge som tror på egne evner presterer bedre



Lifelong learning & lifewide learning !

Vår visjon:

Hyllestad kommune- inkluderande og attraktiv!



magnusbrungs.wordpress.com



Nytt fokustema/satsingsområde dette barnehageåret er:

FOKUS:

STANDARD M.
INDIKATORER:

Slå eit slag for vennskap

Det er god kvalitet i arbeid med vennskap når:

- Vaksne er gode rollemodellar, og skaper miljø for framsnakking
- Vaksne skaper tid og rom for gode, felles opplevingar
- Vaksne er pålogga og til stades for barnet.

 Hyllestad kommune

 Askvoll
KOMMUNE -rom for eventyr!

Kvar avdeling informerte om kva dei legg i sin beste praksis og korleis dei jobba med den på avdelingane i kvardagen. Informasjon om dette vil også bli sendt ut frå kvar avdeling på månadsplan/brev.

Her ei oversikt over Beste praksis til alle avdelingane:

BESTE PRAKSIS – avdeling GLIMMER

«SLÅ EIT SLAG FOR VENNSKAP» 2018/2019

For å oppnå god kvalitet i det pedagogiske arbeidet med vennskap skal eg som medarbeidar:

1: Vaksne er gode rollemodellar og skaper miljø for framsnakking.

- Eg skal rose barn når dei gjer noko fint for andre
- Eg skal lytte til det barnet fortel og anerkjenne barnet si oppleving, utan å avbryte eller korrigere.

2: Vaksne skaper tid og rom for gode, felles opplevingar.

- Eg skal la barna samarbeide i kvardagslege gjeremål.
- Eg skal legge til rette for aktivitetar der barna kan leike og skape i lag.

3: Vaksne er pålogga og tilstades for barnet.

- Eg skal vere nær og ta tak i barna sine initiativ og hjelpe dei til å utvikle vennskap.

Beste praksis – avdeling Skifer 2018/2019

«Slå eit slag for vennskap»

1. VAKSNE ER GODE ROLLEMODELLAR OG SKAPAR MILJØ FOR FRAMSNAKKING

- Eg skal gje barna anerkjennelse og ros når dei gjer noko bra mot andre
- Eg snakkar positivt om barn, foreldre og kollegaer

2. VAKSNE SKAPAR TID OG ROM FOR GODE FELLES OPPLEVINGAR

- Eg er fleksibel i høve planar og tek hensyn til barna sine innspel og interesser
- Eg skal legge til rette for vennskap gjennom leik, turar og ulike aktivitetar

3. VAKSNE ER PÅLOGGA OG TILSTADES FOR BARN

- Eg skal vere tilgjengeleg, her og no
- Eg skal bekrefte barnas ulike kjensler og behov

BESTE PRAKSIS KONGLOMERAT 2018-2019

SLÅ EIT SLAG FOR VENNSKAP

Det er god kvalitet i arbeid med vennskap når:

1. Vaksne er gode rollemodellar, og skaper miljø for framsnakking

- Eg skal snakke med barna om vennskap og la barna få uttrykkje kva vennskap er for dei.
- Eg skal rose gode prososiale handlingar hos barn og vaksne.

2. Vaksne skaper tid og rom for gode, felles opplevingar

- Eg skal bidra til at måltida i barnehagen vert ei positiv oppleving der barna deltek aktivt, hjelper kvarandre og samarbeider.

3. Vaksne er pålogga og til stades for barnet

- Eg skal vere tett på barna som støtte og tryggleik for at leiken skal vere god for alle

Beste praksis – avdeling Granat 2018/2019

Det er god kvalitet i arbeid med vennskap når:

1: Vaksne er gode rollemodellar, og skaper miljø for framsnakking

Eg gjer barn og vaksne oppmerksame på gode handlingar, og deler gode positive forteljingar frå kvardagen i samling

2: Vaksne skaper tid og rom for gode, felles opplevingar

Eg, saman med avdeling Granat, inviterer til og gjennomfører aktivitet på huset ein gong i månaden

Eg gjennomfører leikegruppe 1 – 3 gonger i veka, og set av tid til leik og vennskap på barna sine premissar

3: Vaksne er pålogga og tilstades for barnet

Eg er nær leiken og støttar/hjelper barna til å kome med i leik, løyse konflikhtar sjølve og oppleve/utvikle vennskap med andre barn

Arbeid i grupper etter IGP-metoden (individuellt - gruppe – plenum):

Kvar gruppe fekk 2 spørsmål som dei drøfta og la fram i plenum;

- Korleis kan eg som foreldre/foresatte bidra til at alle blir inkludert?
 - Framsnakking

- Vere imøtekommande, både vaksne og ungar
- Invitere foreldre i bursdagsselskap
- Felles arrangement på kveldstid/helg
- Kva kan eg som foreldre/foresatte gjere for å styrke vennskap?
 - Inkludering, ved bursdagsfeiring inviter alle på avdelinga, inviter til leik utanfor barnehagetid, snakke positivt og varmt om dei andre barna og vaksne i barnehagen, seie hei og ha det når vi kjem og går, inkludere andre barn/foreldre, ta kontakt og vise interesse, vere tolerante, ved historier om krangling – snakk om situasjonen i staden for å «velje side».
- Kva kan vi foreldre/foresatte gjere når vi opplever at barn blir mobba?
 - Snakke saman
 - Støtte barn og foreldre
 - «undervisning» om mobbing?
 - Fokus på vennskap, førebygge, vere imøtekommande med alle.
 - Kommunikasjon – gå inn i situasjonen og lytte til offeret, prate med den som mobba (kvifor gjorde du det? , korleis har du det då?), prate med foreldra og barnehagen.
 - Inkludere i aktivitetar
- Kva betyr ordet vennskap for deg? Kva kan vi gjere for at barna føler dei høyrer til?
 - Vennskap er å føle trygghet, bli inkludert og inkludere andre i eit fellesskap
 - Passe på at alle har nokon å leike med i løpet av ein dag.
- Kva informasjon ynskjer foreldre/foresatte å få frå barnehagen og korleis kan barnehagen best sikre at alle får med seg den informasjonen som blir gitt?
 - Informasjonsskriv på e-post.
 - Fortsette med bilder/informasjonstavle.
 - Forbetringstips/råd til foreldre.
 - Endring i oppførsel og utvikling.
 - Informasjon om kvardagen til barna (månadsbrev, vekesbrev).
 - Hyggelege og mindre hyggelege opplevingar som gjeld vårt barn. Den daglege samtalen når du hentar.
 - E-post
- Barnehagen skal ivareta foreldra/foresatte sin rett til medverknad. Korleis kan barnehagen best legge til rette for at foreldra/foresatte får meir medverknad i innholdet i barnehagekvardagen? Kva ynskjer de medverknad i?
 - Foreldremøter med idèdugnad (som i kveld)
 - Månadsplan

Det var positiv tilbakemelding frå foreldra å arbeide i gruppe.

Ved bursdagsfeiring nemte styrar at det er mogleg å låne barnehagen. Innspel frå foreldra; makspris 50 kr i bursdagsgave. Det var ynskje at invitasjonene kjem ut i god tid, slik at foreldre ikkje har lagt andre planar.

Bekrefting på lest informasjon- sende ei tilbakemelding på e-post at den er motteke, eller legge inn lesebekrefting på e-posten.

Foreldreråd:

Leirar: **Marie Berge Sjølingstad**

Nestleiar: **Grete Ekløv Aas**

Arbeidsutval: **Nora Liebich Bø** og **Anette Bøe Wolff**

Styrar avslutta med å vise kva foreldra må gjere med regnkla for at dei skal tørke til neste dag; ta av støvlane, og vreng regnkla. Viktig å sjekke at det er stikk i buksebeinet slik at vatnet ikkje trekker inn. Ikkje kjekt for barna å gå i våte kle.

Takk for eit kjekt møte 😊

Rigmor Strømskag Dale